



Kinn kommune

Arkiv:

JournalpostID: 22/62297

Sakshandsamar: Halvor Halvorsen

Dato: 14.12.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
032/22	Styret i Bordgleder Kinn kommune KF	14.12.2022

Anbudsprosessen Fjord1, med vidare

Innstilling frå dagleg leiar:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Styret i Bordgleder Kinn kommune KF 14.12.2022:

Handsaming:

Røysting:

Fellesframlegg frå styret i Bordgleder KF samrøystes vedtatt.

BOGL- 032/22 Vedtak:

Styreleiar orienterer kommunestyret 15. desember om situasjonen som har oppstått. Dette fører til at ein i 2023 må endre budsjett og handlingsprogram, og foreta drøftingar om dei utfordringar og moglegheiter som situasjonen skapar. Styreleiar oppmodar kommunestyret om å inntil vidare trekke sak om nye kjøkkenlokalar, i den situasjonen som har oppstått.

Styret utset styremøtet 21. desember til over nyttår, der ein føreset at styret må ha eit tidleg møte i 2023 når ein har meir oversikt over situasjonen og prosessen vidare. Styret føreset at dagleg leiar og styreleiar har tett kontakt om situasjonen vidare, saman med personalavdelinga og tillitsvalde.

Bakgrunn for saka:

Ettermiddagen 14. desember fekk dagleg leiar melding frå Fjord1 om at Fjord1 har tildelt kontrakt for leveranse av mannskapsmat til eit anna føretak enn Bordgleder KF. Dagleg leiar har i samråd med styreleiar ringt alle medlemmar av styret og orientert om situasjonen.

Dagleg leiar og tillitsvald har hatt kontakt med hovudtillitsvald og personalavdelinga for å sikre ein god prosess i det vidare med omsyn til dei konsekvensane bortfallet av omsetning representerer. Dagleg leiar vil orientere dei tilsette i Bordgleder KF om saka snarast etter styremøte, og før kommunestyremøtet klokka 9, den 15. desember.

Økonomiske konsekvensar:

«Skriv her»

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»